



Gratis å reise med Bybanen 22. juni

PRESSEMELDING
16.06.2010

KONTAKTPERSON
Torill Selsvold
Nyborg,
fylkesordfører
Tlf. 915 22 733

Oddmund Sylta,
direktør i Skyss
Tlf. +47 93 23 04 01

Tysdag 22. juni reiser alle passasjerar gratis med Bybanen. Første avgang som er open for publikum vil gå ca. klokka 13.

Når HM Dronning Sonja har opna Bybanen offisielt i ein seremoni på Festplassen, vil to bybanevogner ha avgang samstundes frå Byparken og Nesttun. Fylkeskommunen og kommunen har invitert barnehagebarn til den første vogna som køyrer frå sentrum, og bergenske pensjonistlag til den første som køyrer frå Nesttun.

Etter desse to avgangane blir banen open for alle. Det vil skje ca. klokka 13. Det blir avgang kvart 30. minutt. Siste avgang frå Nesttun blir kl. 23.30, og siste avgang frå Byparken kl. 24.00.

Banen har avgrensa kapasitet, og vi må derfor rekne med at det vil kunne bli ein del kø. Skyss vil organisere køar på endehaldeplassane. Vi vil òg ha vaktar og rettleiarar om bord i vognene.

På mellomhaldeplassane kan folk komme på dersom det er plass. Vognene vil bli tømt på endehaldeplassane, slik at dei som ønskjer å reise på nytt, må ut og stille seg i køen.